

Innst. S. nr. 226

(1999-2000)

Innstilling frå justiskomiteen om forslag frå stortingsrepresentantane Carl I. Hagen og Jan Simonsen om sterkare kamp mot og hindring av kriminalitet utført av asylsøklarar

Dokument nr. 8:46 (1999-2000)

Til Stortinget

SAMANDRAG

Stortingsrepresentantane Carl I. Hagen og Jan Simonsen har den 2. mars 2000 sett fram følgjande forslag:

"Stortinget ber Regjeringen fremme de nødvendige forslag og fatte de nødvendige vedtak slik at:

1. Det innføres en "hurtig-paragraf" i utlendingsloven slik at asylsøknader som er "åpenbart grunnløse" avslås uten ankerett, men med en særskilt kvalitetssikringsprosedyre.
2. Det innføres en nødvendig adgang eller hjemmel for utlendingsmyndighetene til å holde særskilte asylsøkere i asylmottak med sterke begrensninger i bevegelsesfriheten eller full forvaring på asylmottaket inntil søknaden er ferdig behandlet.
3. Det opprettes særskilte asylmottak organisert slik at det kan innføres en sterk begrensning eller full forvaring av de asylsøkere som myndighetene innfører slike begrensninger for."

I grunngjevinga for framlegget vert det m.a. vist til at før asylsøknader er gjennomgått og bakgrunnen og identiteten til asylsøklarane er granska av norsk politi og utlendingsstyresmaktene, veit vi ikkje sikkert kven dei er og kva for motiv dei har for å kome til Noreg. Det er berre 3-5 pst. som får sin søknad om asyl i medhald av FN's flyktningkonvensjon innvilga. Vi veit vidare at mange lyg om sin identitet, og at mange nyttar falske papir for å oppkonstruere ei fortid dei ikkje har. Forslagsstillarane meiner asylsøklarane bør bu i asylmottak fram til søknaden er ferdig handsama. Slik systemet i asylmottaka er i dag, eksisterer det ingen avgrensingar i retten til å ferdast fritt.

Noreg har underteikna Schengen-avtalen, som har som siktemål å sikre betre kontroll med personar frå

land utanfor Schengen-området når dei kjem til Noreg og andre Schengen-land, samt å hindre illegal innvandring til desse landa. Schengen-avtalen er langt på veg verdiløus så lenge det er mogleg å bruke asylordninga til å kome seg inn i Noreg og Europa og operere som illegale innvandrarak. Tal offentleggjorde i Aftenposten 15. oktober 1999 viste at så mange som 869 asylsøklarar var forsvunne frå norske asylmottak dei første ni månadene i 1999. I ein spørjetime i Stortinget uttala justisministeren at fleire av desse heilt klårt var forsvunne fordi dei var kriminelle, medan andre var såkalla "asylhopparar", personar som søker om asyl i fleire europeiske land etter tur sjølv om dei ikkje får status som flyktningar.

Eit vesentleg argument for ein strengare kontroll med asylsøklarar, er at ei ordning som gjer det mogleg for utlendingar som kjem til Noreg utan papir og søker om asyl å bli buande i Noreg i fleire månader med full rett til å ferdast fritt, heilt klårt vil bli misbrukt av yrkeskriminelle utlendingar.

Det meste av den asylkriminaliteten som er avdekkja dei siste månadene er utført av asylsøklarar frå land i Aust-Europa. Det er lite truleg at desse asylsøklarane er reelle flyktningar, og det er all grunn til å stille spørsmålsteikn ved kva for motiv dei då har for å søkje asyl i Noreg.

Danmark innførte i 1994 nye reglar for asylsøklarar frå Aust-Europa. Dei blir haldne i lukka forvaring til søknaden er ferdig handsama. Deretter blir dei aller fleste sendt ut av landet. Samstundes vart sakshandsamingstida redusert frå om lag tre månader til om lag sju dagar. Noko liknande burde det vere mogleg å få til i Noreg.

I Danmark er det vidare innført ein såkalla "hurtigparagraf" i utlendingsloven som fungerer slik at utlendingsstyresmaktene under den første samtalen med asylsøkjaren kan vurdere ein søknad som "klårt grunn-

laus". Ei slik avgjerd kan ikkje ankast slik andre avgjerder kan, men organisasjonen Dansk Flyktninghjelp kan leggje ned veto og overføre søknaden til ordinar sakshandsaming. Ein kan innføre ein liknande regel i Noreg, samt opprette eit rådgjevande organ med representasjon frå NOAS, Flyktningerådet og eventuelle andre som får rett til å leggje ned veto på lik line med systemet i Danmark.

Av andre røymsler frå Danmark som bør innførast, er ei plikt for alle asylmottak til å melde kriminelle handlingar utført av asylsøklarar.

KOMITEEN SINE MERKNADER

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Vidar Bjørnstad, Astrid Marie Nistad, Jan Petter Rasmussen og Ane Sofie Tømmerås, frå Framstegspartiet, Jan Simonsen og Jørn L. Stang, frå Kristeleg Folkeparti, Unni Hennem Lie og Åse Wisløff Nilssen, frå Høgre, leiaren Kristin Krohn Devold og Bjørn Hernæs og frå Senterpartiet, Tor Nymo, viser til at Dokument nr. 8:46 (1999-2000) har vore lagt fram for Justisdepartementet som har gjeve uttale i brev til komiteen dagsett 14. april 2000, jf. vedlegg 1.

Komiteen ser, som forslagsstillarane i Dokument nr. 8:46 (1999-2000), at det er grunn til å reagere på den utviklinga vi har sett i den seinare tida med veksende grad av kriminalitet mellom asylsøklarar, særleg innan valds- og vinningskriminalitet. Dette gjev bidrag til å undergrave asylinstituttet, det går ut over lovlege asylsøklarar, og gjev bidrag til å auke frykta for framande folkeslag.

Komiteen ser av den grunn at det kan vere trong for ulike verkemiddel for å bøte på dette, også raskare sakshandsaming. Til i dag er det eit gjennomgåande problem at sakshandsaminga er for lang i asylsaker. Ikkje minst bør grunnlause asylsøknader handsamast raskt. Dette er saker der det er opplagt at søkjaren ikkje fyller vilkåra for vern, jf. utlendingslova § 15 første ledd.

Komiteen syner til at Justisdepartementet i november i fjor sette i gong eit prosjekt på landsbasis for å nedarbeide avhørsrestansane. Føremålet med prosjektet var å nedarbeide asylrestansen før 1. juli 2000. Prosjektet er organisert med kvalifiserte polititeneestemenn, men med sakshandsamarar frå Utlendingsdirektoratet. Det har synt seg at god koordinering og godt dataverktøy i tillegg til godt samarbeid mellom etatane, har gitt eit godt resultat. Restansane er så godt som nedarbeidd, og prosjektet kan avsluttast i god tid før 1. juni 2000. Desse erfaringane vil Utlendingsdirektoratet kunne dra nytte av når dei overtek ansvaret frå 1. juni 2000.

Komiteen vil understreke at det er viktig at asylmottaka har retningsliner for kva som er venta av den einskilde asylsøklar, så lenge han/ho er ved mottaket.

Utlendingsdirektoratet har i dag retningsliner for kva krav som vert stilt til kvar einskilt asylsøklar som er ved våre mottak, jf. brev til komiteen frå justisminister Hanne Harlem dagsett 6. juni 2000 som følgjer som vedlegg 2 til innstillinga. Komiteen vil understreke at det er viktig at desse retningslinene jamnleg vert gjennomgått for å kunne føre kontroll med ei eventuell kriminalitetsutvikling i feil retning. Komiteen har som føresetnad at desse retningslinene er å finne ved det einskilde asylmottak, og at det vert ført ein dialog mellom UDI og mottaka om naudsynte betringar og justeringar av reglane.

Komiteen vil peike på at dei fleste asylsøklarar skikkar seg vel medan dei ventar på å få søknaden sin handsama. Komiteen er likevel gjennom høyringane under handsaminga av denne saka blitt kjent med konkrete eksempel på at tilsette i asylmottaka er blir utsette for alvorlege truslar og vald. Det må reagerast raskt på slik valdsbruk og overgrepa må på vanleg måte meldast til politiet. Dette gjeld ikkje mindre av omsyn til dei andre lovlydige asylsøklarane. Den valdelege kriminelle må derfor, når det er rettsleg grunnlag for det, omgåande takast ut av asylmottaket og overførast til relevant instans i helse- eller justissektoren.

Komiteen vil vise til det spesielle problemet vi står overfor dersom den kriminelle ikkje har noko land han kan sendast attende til, og ber departementet vurdere denne problemstillinga i ei eiga sak til Stortinget.

Utlendingsdirektoratet bør halde fram med å prioritere asylsøknader frå søklarar som har begått kriminalitet. Komiteen syner også til at politiet i fleire år har hatt meldeplikt til utlendingsstyresmaktene etter påtaleinstruksen § 5-13 når utendingar vert sikta for lovbrøt. Komiteen syner også til svarbrevet frå justisminister Hanne Harlem, jf. vedlegg 1, som vil vurdere nærare heimelsgrunnlaget for varsling om kriminelle asylsøklarar frå politiet til UDI, for at slike saker skal kunne handsamast så raskt som mogeleg. Komiteen vil understreke at det også er grunn til å tru at ei rask sakshandsaming av desse sakstypene vil få ein preventiv effekt.

Komiteen vil vidare peike på at Schengen-samarbeidet vil føre med seg mellom anna at Schengen-landa i fellesskap vil kjempe mot illegal innvandring. Plikta til å føre kontroll ved inn- og utreise ved ytre Schengen-grenser vil mellom anna vere eit effektivt verkemiddel i denne kampen.

Komiteen vil understreke at utendingar som er i riket eller på norsk grense har rett til å søkje asyl i Noreg, og asylsøklarar skal ha det same vernet etter menneskerettane som andre individ.

Komiteen syner til at utlendingslova § 40 regulerer kva tid vedtak i asylsaker kan setjast i verk. Som hovudregel kan eit avslag ikkje setjast i verk før det er endeleg, og som regel er ikkje eit vedtak endeleg før også klagen er vurdert av klageinstansen. Unntaket frå denne hovudregelen er vedtak i såkalla "klårt grunnlause" asylsaker, der søkjaren normalt må reise frå Noreg før ei klage er vurdert av klageinstansen. Det

same gjeld der søkjaren har søknad om asyl til handsaming i eit anna land, eller har fått avslag på slik søknad der. Utlendingsdirektoratet er i dag delegert rett til å iverksetje slik utvising omgåande.

Komiteen sitt fleirtal, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, meiner at på dette området tek dagens utlendingslov i tilstrekkeleg grad vare for den trongen det er for raskt å kunne iverksetje avslag på klårt grunnlause asylsøknader.

Fleirtalet syner også til at regelen i utlendingslova § 40 om "klårt grunnlause" asylsaker, der søkjaren må reise frå Noreg før klage er vurdert av klageinstansen, i dag vert brukt enten søkjaren har gjort noko kriminelt eller ikkje.

Fleirtalet vil peike på at her er eit vesentleg skille mellom norsk og dansk asyllovgjeving. I Danmark kan Dansk Flyktningehjelp leggje ned veto og overføre søknaden til vanleg sakshandsaming.

Fleirtalet meiner at m.a. utlendingslova § 40, saman med dei tiltaka som snart skal iverksetjast, gjev heimel for rask handsaming og effektivering av "klårt grunnlause" asylsøknader.

Fleirtalet syner til at frå 1. juli 2000 skal Utlendingsdirektoratet overta ansvaret for asylintervju, og det vil føre til nedkorta sakshandsamingstid i asylsaker som fell inn under desse bestemte kriterier. Raskare sakshandsamingstid er meir eit spørsmål om ressursar og organisering enn ny lovheimel. Også med ein hurtigparagraf vil det vere trong for å intervju søkjarane. Fleirtalet syner til svarbrev frå justisminister Hanne Harlem, jf. vedlegg 1, der det går fram at når Utlendingsdirektoratet overtek ansvaret for asylintervjua, vil ho be om at det vert sett i verk tiltak som kan følgje opp målsettinga om raskast mogeleg handsaming av klårt grunnlause asylsøknader.

Fleirtalet vil også syne til at under høyring i komiteen uttala Utlendingsdirektoratet at dei venta at frå 1. juli 2000 vil sakshandsaminga ta frå 1 til 3 veker for desse søknadene.

Fleirtalet har merka seg at forslagsstillarane ser for seg at det er naudsynt å halde nokre asylsøklarar i asylmottak med sterke avgrensingar i retten til å ferdast fritt, og ser for seg full forvaring på asylmottaket inntil søknaden er ferdig handsama.

Fleirtalet syner til at etter utlendingsføresegnene § 59 første ledd har asylsøklarar som vert utplasserte på ein mottaksstad i ein kommune, rett til å opphalde seg der til søknadene er endeleg avgjorde.

Fleirtalet vil peike på at det vil gje tilfeldige utslag i utplukkinga av kven som skal få redusert retten til å ferdast fritt under opphaldet i asylmottaket, då det er vanskeleg å slå fast kven som har gjort seg skuldig i konkrete kriminelle handlingar. Dette vil kunne fungere tilnærma som eit fengsel. Det vil vanskeleggjere internmiljøet i desse mottaka, og det vil gje eit dårleg utgangspunkt for dei som får opphald i den vidare integreringsprosessen.

Fleirtalet vil elles peike på at ei slik løysing vil vere svært kostbar, krevje relativt store ressursar frå helsepersonell, miljøarbeidarar og tryggingpersonell til dømes. Med andre ord ei ordning som vert vanskeleg å handtere, og som er sterkt uheldig sett frå eit humanitært synspunkt.

Fleirtalet ser det som uakseptabelt å ta i bruk verkemiddel som rammer asylsøklarane som gruppe. Det er ikkje grunn til å innføre verkemiddel i kampen mot kriminalitet som særskilt skal rette seg mot asylsøklarar, og som ikkje skal gjelde for norske borgarar. Fleirtalet vil understreke at dei same krava til straffeforfølgning må gjelde for asylsøklarar som for andre som bur og held til i Noreg. Fleirtalet ser ikkje forslaget som egna til å løyse problema vi står overfor når det gjeld misbruk av asylordninga.

Fleirtalet rår difor ikkje til at det vert gjort endringar i utlendingsføresegnene § 59 for å gje ein ny heimel for styresmaktene til å setje i verk sterke avgrensingar for asylsøklarar og særskilde asylmottak som vil krenkje den einskilde asylsøkjaren sine menneskerettar.

Fleirtalet rår til at Dokument nr. 8:46 (1999-2000) frå representantane Carl I. Hagen og Jan Simonsen om sterkare kamp mot og hindring av kriminalitet utført av asylsøklarar, ikkje vert vedteke.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet er glad for at departementet har satt i gang en del tiltak med sikte på å redusere saksbehandlingstiden for åpenbart grunnløse asylsøknader, men vil hevde at saksbehandlingstiden ytterligere kan reduseres dersom det innføres en regel som sier at slike søknader avslås uten ankerett. Disse medlemmer er ikke enig i at overføring av asylintervjuer til Utlendingsdirektoratet nødvendigvis vil medføre kortere behandlingstid. Derimot vil den nye ordningen sannsynligvis medføre risiko for at falske asylsøknader ikke blir oppdaget, ettersom politiet har en spesiell kompetanse i avhørsteknikk og etterforskningsmetodikk som vanskelig kan overføres til Utlendingsdirektoratet. Disse medlemmer vil understreke at det ikke er tilfredsstillende at bare de åpenbart grunnløse søknadene blir behandlet vesentlig raskere enn i dag. De fleste asylsøknader er grunnløse, og det vil være en fordel både for norske skattebetalere, for kriminalitetsbekjempelsen, og for asylsøkerne selv, dersom samtlige søknader blir behandlet vesentlig raskere enn i dag.

Disse medlemmer viser til at det er klart dokumentert at det blir begått en god del kriminalitet, spesielt i form av grove tyverier, av personer som bor i norske asylmottak. Årsaken er ikke at utlendinger generelt er mer kriminelle enn nordmenn, men at asylordningen i seg selv er organisert på en slik måte at det stimulerer til misbruk. Mens personer som søker visum til Norge må vente i sine hjemland inntil deres bakgrunn er kartlagt, og selvsagt ikke kan bevege seg fritt i Norge mens de venter på endelig avgjørelse på visumsøknaden, kan en asylsøker bevege seg fritt mens søknaden behandles. Disse medlemmer vil peke på at denne libe-

rale bevegelsesfriheten gitt til samtlige asylsøkere uavhengig av hvilket land de kommer fra, medfører følgende risiko: Kriminelle utlendinger kan se store fordeler i å begå kriminalitet i Norge fremfor i sitt eget hjemland. Medlemmer av internasjonale terroristorganisasjoner vil kunne bevege seg fritt, og utlendinger kan komme seg inn i Norge for deretter å forsvinne og oppholde seg i Europa som illegale innvandrere.

Disse medlemmer kan ikke se noen betenkeligheter i å behandle asylsøkere på samme måten som personer som søker om visum til Norge. Når en utlending søker om visum til Norge som turist, blir det blant annet lagt vekt på hvilket land vedkommende kommer fra, hvorvidt han er gift, om han har fast arbeid i hjemlandet, om han har en kriminell fortid, samt vedkommendes kjønn og alder. Slike momenter må det også kunne legges vekt på ved en vurdering av om det er forsvarlig å la en asylsøker bevege seg fritt i Norge i den perioden det tar å behandle søknaden ferdig.

Disse medlemmer kan ikke se at det skulle være i strid med menneskerettigheter eller på noen måte lite humant å innføre et regelverk som lar enkelte asylsøkere vente innenfor et begrenset leiområde inntil vedkommendes bakgrunn er sjekket. Det dreier seg kun om en kortere "karantenetid", mens norske myndigheter vurderer asylsøkerens bakgrunn. En slik ordning forutsetter selvsagt at forholdene legges til rette i mottakingsleirene slik at asylsøkerne kan trives. Disse medlemmer er enig i at den oppjusteringen av kvaliteten i mottakingsleirene som dette krever vil koste penger, men mener at gode forhold i venteleirene burde gjennomføres uansett om asylsøkere får begrenset bevegelsesfrihet eller ikke. Driften av mottakingsleirene kan dessuten gjøres billigere enn i dag ved å trekke asylsøkerne mer aktivt med i det daglige arbeidet. Disse medlemmer viser til at departementet mener at det innen kort tid vil være mulig å begrense ventetiden til de søkerne som har "åpenbart grunnløse" søknader til fra 1 til 3 uker. Det kan neppe betraktes som noen betydelig ulempe å få sin bevegelsesfrihet begrenset i en så kort periode. Disse medlemmer mener likevel at det går en grense for hvor lenge en asylsøker kan trives uten full bevegelsesfrihet, og mener at det må lempes på regelverket dersom det tar mer enn 3 måneder å behandle søknaden.

Disse medlemmer viser for øvrig til begrunnelsen i Dokument 8:46 (1999-2000), og legger frem følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen fremme de nødvendige forslag og fatte de nødvendige vedtak slik at:

1. Det innføres en "hurtig-paragraf" i utlendingsloven slik at asylsøknader som er "åpenbart grunnløse" avslås uten ankerett, men med en særskilt kvalitetssikringsprosedyre.
2. Det innføres en nødvendig adgang eller hjemmel for utlendingsmyndighetene til å holde særskilte asylsøkere i asylmottak med sterke begrensninger i bevegelsesfriheten eller full forvaring på asylmottaket inntil søknaden er ferdig behandlet.
3. Det opprettes særskilte asylmottak organisert slik at det kan innføres en sterk begrensning eller full forvaring av de asylsøkere som myndighetene innfører slike begrensninger for."

FORSLAG FRÅ MINDRETAL

Forslag frå Framstegspartiet:

Forslag

Stortinget ber Regjeringen fremme de nødvendige forslag og fatte de nødvendige vedtak slik at:

1. Det innføres en "hurtig-paragraf" i utlendingsloven slik at asylsøknader som er "åpenbart grunnløse" avslås uten ankerett, men med en særskilt kvalitetssikringsprosedyre.
2. Det innføres en nødvendig adgang eller hjemmel for utlendingsmyndighetene til å holde særskilte asylsøkere i asylmottak med sterke begrensninger i bevegelsesfriheten eller full forvaring på asylmottaket inntil søknaden er ferdig behandlet.
3. Det opprettes særskilte asylmottak organisert slik at det kan innføres en sterk begrensning eller full forvaring av de asylsøkere som myndighetene innfører slike begrensninger for.

KOMITEEN SI TILRÅDING

Komiteen viser til dokumentet og råar Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

Dokument nr. 8:46 (1999-2000) - forslag frå stortingsrepresentantane Carl I. Hagen og Jan Simonsen om sterkare kamp mot og hindring av kriminalitet utført av asylsøklarar - vert ikkje å tilrå.

Oslo, i justiskomiteen, den 7. juni 2000

Kristin Krohn Devold
leiar

Astrid Marie Nistad
ordførar

Jan Simonsen
sekretær

Vedlegg 1**Brev fra Justis- og politidepartementet v/statsråden til justiskomiteen, datert 14. april 2000.****Dok: 8:46 - forslag fra stortingsrepresentantene
Carl I. Hagen og Jan Simonsen om sterkere
bekjempelse og hindring av kriminalitet
begått av asylsøkere**

Jeg viser til Justiskomiteens brev av 31. mars 2000 vedlagt Dok Nr. 8:46 (1999-2000) hvor stortingsrepresentantene Carl I. Hagen og Jan Simonsen foreslår at Stortinget ber Regjeringen fremme de nødvendige forslag og fatte de nødvendige vedtak slik at:

1. Det innføres en "hurtig-paragraf" i utlendingsloven slik at asylsøknader som er "åpenbart grunnløse" avslås uten ankerett, men med en særskilt kvalitetssikringsprosedyre.
2. Det innføres en nødvendig adgang eller hjemmel for utlendingsmyndighetene til å holde særskilte asylsøkere i asylmottak med sterke begrensninger i bevegelsesfriheten eller full forvaring på asylmottaket inntil søknaden er ferdig behandlet.
3. Det opprettes særskilte asylmottak organisert slik at det kan innføres en sterk begrensning eller full forvaring av de asylsøkere som myndighetene innfører slike begrensninger for."

Ad. punkt 1

Begrunnelsen for forslaget er at man gjennom effektiv behandling av asylsøknader som anses som åpenbart grunnløse, unngår at asylsøkere oppholder seg lenge i Norge mens de venter på en avgjørelse. En "hurtig-paragraf" antas derfor å kunne forhindre kriminalitet blant asylsøkere og misbruk av asylinstituttet generelt.

I likhet med forslagsstillerne ser også jeg grunn til å reagere på den utviklingen vi har sett i den senere tid med økende grad av kriminalitet blant asylsøkere, særlig volds- og vinningskriminalitet. Dette bidrar til å undergrave respekten for asylinstituttet, går utover lovlidige asylsøkere, og kan bidra til økt fremmedfrykt.

Det kan være behov for ulike virkemidler for å bøte på dette, også raskere saksbehandling. Som kjent er det et gjennomgående problem at saksbehandlingstiden er for lang i asylsaker. Ikke minst bør åpenbart grunnløse asylsøknader behandles raskt. Dette er saker hvor det er åpenbart at søkeren ikke fyller vilkårene for asyl eller beskyttelse, jf. utlendingsloven § 15 første ledd.

Utlendingsloven § 40 regulerer når vedtak i asylsaker kan iverksettes. Som hovedregel kan et avslag ikke iverksettes før det er endelig. Som regel er ikke et vedtak endelig før det er truffet vedtak i klageinstansen. Unntatt fra hovedregelen er vedtak i såkalt "åpenbart grunnløse" asylsaker, der søkeren normalt må forlate Norge før en klage er vurdert av klageinstansen. Det samme gjelder der søkeren har søknad om asyl til

behandling i et annet land eller har fått avslag på slik søknad der. På denne bakgrunn mener jeg at dagens utlendingslov i tilstrekkelig grad ivaretar behovet for raskt å kunne iverksette avslag på åpenbart grunnløse asylsøknader.

Når saksbehandlingstiden og dermed oppholdstiden likevel har vært uakseptabel lang - opptil mange måneder også i åpenbart grunnløse asylsaker - så har dette bl.a. sammenheng med det store søkertallet de siste par år. Bl.a. kom politiet på etterskudd med å avhøre asylsøkerne. Også med en egen hurtigparagraf vil det være behov for å intervju søkerne. Raskere saksbehandlingstid er derfor mer et spørsmål om ressurser og organisering enn lovhjemmel. Jeg er derfor glad for at politiet nå på det nærmeste er å jour med å ta asylavhør. I tillegg prioriterer Utlendingsdirektoratet alle asylsøknader hvor det innkommer melding om kriminalitet.

Selv om saksbehandlingstiden i denne type saker er på vei ned, mener jeg at mer bør gjøres. Når Utlendingsdirektoratet overtar ansvaret for asylintervjuene fra 1. juli i år, vil det være enklere å få til en ytterligere nedkorting av saksbehandlingstiden i asylsaker som faller inn under bestemte kriterier. Jeg vil derfor be Utlendingsdirektoratet om å vurdere hvordan de kan ivareta en målsetting om raskest mulig behandling av åpenbart grunnløse asylsøknader etter 1. juli. Jeg understreker likevel at alle søkere har krav på individuell behandling, og at de som fyller vilkårene for opphold i Norge skal få innvilget sine søknader.

Jeg mener altså at det ikke er nødvendig med en egen hurtigparagraf - i tillegg til utlendingsloven § 40 - for å oppnå rask behandling og effektivering av åpenbart grunnløse asylsøknader. Et annet spørsmål er om det bør være ordinær klagerett. Denne er i dag ikke til hinder for rask effektivering av åpenbart grunnløse asylsaker, jf. det forannevnte. Klageinstansen er i dag Justisdepartementet. Fra og med 01.01.2001 overtar den nye Utlendingsnemnda ansvaret for klagesakene. Jeg mener at også åpenbart grunnløse asylsøknader bør kunne påklages og bli vurdert av klageinstansen, selv om klageren i slike saker som regel ikke vil være i landet når klageinstansen treffer sitt vedtak. To-instans behandling og klagerett i forvaltningssaker er rotfestet i vårt rettssystem, og er en rettssikkerhetsgaranti. Når det gjelder "åpenbart grunnløse" asylsøknader fører fortsatt klageadgang til at klageinstansen holder oversikt over hva slags type saker Utlendingsdirektoratet anser som "åpenbart grunnløse". I tillegg er det stor allmenn interesse knyttet til saksfeltet. Klageadgang til en overordnet instans gir legalitetskontroll, men også kontroll over at saksbehandlingen i første instans er betryggende.

Ad. punkt 2:

Jeg vil først gi en kortfattet informasjon om dagens mottakssystem.

Etter utlendingsforskriften § 59 første ledd må asylsøkere som blir utplassert på et mottakssted i en kommune oppholde seg i kommunen inntil søknaden er endelig avgjort.

Flyktning- og asylmottakene i dag er åpne mottak som beboerne kan forlate når de måtte ønske det. Det er heller ikke boplikt i mottak. Utlendingsdirektoratets oppgave er å gi asylsøkere et tilfredsstillende tilbud om innkvartering som det står den enkelte fritt å benytte. Asylsøkere som velger å bo utenfor mottak, skal imidlertid melde fra til mottaket/Utlendingsdirektoratet om hvor de velger å bo. Når noen forlater mottaket uten å melde fra hvor de har reist eller flyttet, går det melding fra mottaket til Utlendingsdirektoratet og politiet om at personen har forsvunnet. Når enslige mindreårige forsvinner fra et mottak, sender Utlendingsdirektoratet også melding til den mindreåriges verge samt til barnevernet. En innskrenkning i bevegelsesfriheten for enslige mindreårige vil få betydelige konsekvenser for organiseringen av skolegang og muligheter for fritidsaktiviteter og dermed også berøre kommunene i vesentlig grad. Tilsvarende vil en begrensning i bevegelsesfriheten få betydelige konsekvenser for asylsøkere som har midlertidige arbeidstillatelser.

Systemet med åpne mottak bygger på en bred politisk enighet om at asylsøkere i Norge ikke skal interneres i leire med bevoktning, men har bevegelsesfrihet utenfor mottaket. Utlendinger som er i riket eller på norsk grense har rett til å søke asyl i Norge, og asylsøkere skal i all hovedsak ha det samme vernet etter menneskerettighetene som andre individer.

Gjennom forslaget vil man innføre adgang til overvåkning og myndighetskontroll med særskilte asylsøkere. Hensikten er å bekjempe utnyttelse av asylinstituttet og å redusere kriminalitet begått av asylsøkere.

Jeg er enig i at det er nødvendig å gripe inn med tiltak for å bekjempe den økende grad av kriminalitet blant asylsøkere. Det er likevel slik at de fleste asylsøkere skikker seg vel, mens de venter på å få sin søknad

behandlet. Dette gjelder også der søknaden blir avslått som åpenbart grunnløs. Det er derfor uakseptabelt å ta i bruk virkemidler som rammer asylsøkere som gruppe. Jeg ser heller ikke grunn til å innføre virkemidler for bekjempelse av kriminalitet særskilt rettet mot asylsøkere, og som ikke skal gjelde norske borgere. De samme krav til straffeforfølgelse må gjelde overfor asylsøkere som for andre som bor og oppholder seg i Norge. Det er et grunnleggende prinsipp at enhver er uskyldig inntil det motsatte er bevist. Ingen kan derfor dømmes uten hjemmel i lov, eller straffes uten dom.

Jeg mener derfor at forslaget ikke er egnet til å løse de problemene vi står overfor når det gjelder misbruk av asylordningen, og at vi i stedet bør satse på andre virkemidler.

Innenfor utlendingsforvaltningen er det hele tiden et mål å redusere saksbehandlingen, jf. også punkt 1 ovenfor. Det er ellers ikke noe nytt at asylsøknader til søkere som har begått kriminalitet, prioriteres. I flere år har politiet hatt meldeplikt til utlendingsmyndighetene etter påtaleinstruksen § 5-13 når utlendinger blir siktet for straffbart forhold. Jeg vil også vurdere nærmere hjemmelsgrunnlaget for å kunne innføre nye melderutiner til utlendingsforvaltningen, allerede ved tidspunktet for anmeldelser av asylsøkere om kriminelle forhold til politiet, for at slike saker skal kunne behandles så raskt som mulig. Det er også grunn til å anta at en rask saksbehandling av denne type saker vil få en preventiv effekt. Schengen-samarbeidet medfører blant annet at Schengenlandene i fellesskap vil bekjempe illegal innvandring. Forpliktelsen til å innføre utreisekontroll ved ytre Schengen-grenser vil blant annet være et effektivt virkemiddel i denne kampen. Ved at man avskaffer kontrollen på de indre grenser samtidig som hvert land utfører yttergrensekontroll på vegne av de andre, styrkes samarbeidet og samholdet mellom landene.

Ad. Punkt 3

På bakgrunn av mitt standpunkt under punkt 2, vil jeg ikke slutte meg til dette forslaget.

Vedlegg 2**Brev fra justisminister Hanne Harlem til justiskomiteen, datert 6. juni 2000.****Vedr. Dok. nr. 8:46 - forslag fra stortingsrepresentantene Carl I. Hagen og Jan Simonsen om sterkere bekjempelse og hindring av kriminalitet begått av asylsøkere**

Jeg viser til komitelederens brev av 06.06.00 der man ber om å få oversendt gjeldende retningslinjer fra departementet og/eller UDI når det gjelder hvilke krav mottaket kan pålegge den enkelte asylsøker så lenge vedkommende er i asylmottak.

Alle mottak har sine interne husordensregler, men når det gjelder generell informasjon om regler for hvordan man skal oppføre seg på mottaket og i Norge,

er det i hovedsak to informasjonstiltak som omtaler slike forhold:

1. Informasjonsbrosjyren.

UDI opplyser at alle asylsøkere som kommer til et transittmottak får en brosjyre på 25 sider, som heter "Velkommen til mottaket". Et eksemplar på engelsk vedlegges. (Ikke vedlagt innstillingen.) Denne brosjyren finnes på mange språk.

På side 16 er det under overskriften "Husordensregler", listet en rekke påbud og bestemmelser. Når det gjelder kriminelle forhold sies det bl.a.:

- kriminalitet, som bruk, oppbevaring og salg av narkotika, tyverier, oppbevaring av stjålet gods, alvorlige trusler eller vold, vil bli rapportert til politiet og UDIs regionkontor.
- Beboerne er økonomisk ansvarlig for vandalisme/ødeleggelse av møbler eller bygninger.

Det fremgår på side 15 at ansatte ved mottaket plikter å informere politiet om enhver kriminell aktivitet blant beboerne.

2. Informasjonsprogrammet.

I løpet av de fire første månedene i et ordinært mottak skal den enkelte beboer ha deltatt i et 60-timers informasjonsprogram. Dette programmet er obligatorisk, og man kan få trekk i den økonomiske støtten om man ikke følger programmet. Omtrent samtidig starter undervisningen i norsk med samfunnskunnskap.

Av opplegget for informasjonsprogrammet fremgår det at det omhandler 7 temaer:

Tema 1 Flyktning- og innvandringspolitikken	10 timer
Tema 2 Privatøkonomi og sosiale ytelser	10 timer
Tema 3 Helse	5 timer
Tema 4 Arbeid, kvalifisering og utdanning	10 timer
Tema 5 Boformer og boligstandard	5 timer
Tema 6 Normer og verdier	10 timer
Tema 7 Samfunnsstrukturen	10 timer

Kriminalitet og adferd er i hovedsak omhandlet under tema 6 og 6. Hovedvekten her legges på holdningsskapende arbeid knyttet til fellesansvar og beboermedvirkning i mottakene.

Under tema 6, "Normer og verdier", er målet at søkerne skal kjenne noen sentrale trekk ved de norske verdiene, slik som forventninger til at alle skal behandles likt, til idealer om likhet, selvhjulpenhet og punktlighet, til normer for kjønns- og aldersbestemt høflighet, til at deltakelse i dugnader og fellesaktiviteter er

viktige for å løse felles praktiske oppgaver og at dette skaper fellesskap og vennskap i nabolag og nærmiljø. I tillegg undervises i takt og tone, kjønnsroller, og ungdomskultur. Man arbeider således bevisst med hva som i Norge regnes som akseptabel adferd.

Forhold som knytter seg spesifikt til kriminalitet er omtalt under tema 7 "Samfunnsstrukturen". I informasjonsprogrammet under overskriften "Lovforbud og regler" sies det at målet er at informasjonen skal bistå beboerne til å kunne:

- kjenne til at alle som oppholder seg i landet er underlagt norsk lov
- kjenne til hva som er tillatt og ikke tillatt med hensyn til bruk av rusmidler som alkohol og narkotika og konsekvensene ved brudd
- kjenne regler for førerkort og kjøretøyets beskaftenhet, bilbeltebruk og trafikksikkerhet
- kjenne til hva som er seksuell lavalder i Norge, og vite konsekvensene av å ha seksuell omgang med personer under 16 år
- respektere forbudet mot å bære våpen, og konsekvenser av å bryte forbudet
- respektere forbudet mot bruk av vold i og utenfor familien
- gjøre rede for forbudet mot å slå barn
- kjenne til lov om rasediskriminering
- vise at de kjenner de viktigste trekkene ved røykeloven, og overholde røykerestriksjoner
- overholde forbud i det daglige.

(Informasjonsprogrammet, side 72).

UDI har utarbeidet ulike hefter som kan brukes til opplæring om disse punkter, og iflg. det opplegg som sendes mottakene fra UDI, anbefales det at mottaket ber om hjelp fra politi/lensmann for å samarbeide om undervisningen.

Vedlagt følger et eksemplar av Informasjonsprogrammet og av informasjonsbrosjyren. (Ikke vedlagt innstillingen.)